# Menighetsblad for
# Sør-Aurdal

**Nr. 4 - Desember 2022 e. Kr. - 78 årgang**



Hedalen stavkirke

Foto: Tore Samuelsen

**Et barn er født i Betlehem, i Betlehem**
**ti gleder seg Jerusalem. Halleluja, halleluja!**

Et barn er født i Betlehem er en av de meste kjente julesangene i Norge. Den er en oversettelse av den middelalderske julehymnen Puer natus in Bethlehem, som er en av verdens mest kjente julehymner. Sangen gjenforteller juleevangeliet om barnet Jesus.

Den eldste bevarte latinske tekst stammer fra begynnelsen av 1300-tallet og kan være fra litt før dette, antallet vers varierer i de forskjellige nedtegnelser. Opprinnelsen til denne gregorianske hymne er ellers ukjent, skjønt den nevnte bevarte versjon, er fra en hymnebok brukt i noen benediktinerklostre. Både Böhmen (et kloster i Hraditch) og Tyskland er områder det er blitt spekulert om som opphav.

Hymnen ble fra 1300-tallet vanlig i liturgisk bruk fra første juledag og til og med Epiphanias (6. januar, Herrens Åpenbaring, Trekongersdag).

N.F.S Grundtvig oversatte salmen til dansk i 1820 (senere gjort om til bokmål), mens oversettelsen til nynorsk ble gjort i 1905 av Bernt Støylen.

Tidligere ble «Et barn er født i Betlehem» sunget til en tysk folketone fra 1400-tallet, men i dag blir som oftest Ludvig Mathias Lindemans tone fra 1871 benyttet.

Både bokmåls- og nynorskteksten står i Norsk Salmebok på nummer 27a og b.

*Kilde: Wikipedia*

# Den norske kyrkja i Sør-Aurdal

**SØR-AURDAL KYRKJEKONTOR**
Tingvollbakkin 15, 2930 Bagn
**e-post:** post.sor-aurdal@kirken.no
**Opningstid:** tysdag - torsdag kl. 09.00-15.00
**Nettside:** kirken.no/sor-aurdal.
Følg oss på Facebook og
Instagram: kirkene_i_Sor-Aurdal

**Kyrkjeverje:** Liv Barbro Strømme Veimodet, mobiltelefon: 416 74 669.
**Kontorfullmektig:** Toril Grønhaug, tlf 61 34 85 80/ 904 74 853 tysdag, onsdag, torsdag.
**Organist:** Anders Løberg, tlf 901 02 180.
**Trusopplæringsmedarbeidar:** Helena Wright, tlf 951 78 041

**BAGN SOKN**
**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle, tlf 917 91 233
e-post: sk935@kirken.no
**Soknerådsleiar:** Ole Fønhus, tlf 915 13 476
**Kyrkjetenar:** Tore Bergli, tlf 905 46 827
**Klokkar:** Oddleiv Juvkam, tlf 958 80 585

**LEIRSKOGEN SOKN**
**Sokneprest, vikar:** Ellen Oddveig Rudi, tlf. 948 65 195
**e-post:** eoddver@online.no
**Soknerådsleiar:** Bente Bråten Dokken, tlf 959 73 019
**Kyrkjetenar:** John Erling Blad, tlf 988 50 499
**Klokkar:** For tiden ubesatt

**REINLI SOKN**
**Sokneprest, vikar:** Ellen Oddveig Rudi, tlf. 948 65 195
**e-post:** eoddver@online.no
**Soknerådsleiar:** Inger-Lise Haraldsen Hagen, tlf 959 01 840
**Kyrkjetenar:** Tore Bergli, tlf 905 46 827
**Klokkar og belgdragar:** Marianne Haldis Jensen, tlf 406 44 910

**HEDALEN SOKN**
**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle, tlf 917 91 233
**e-post:** sk935@kirken.no
**Menighetsrådsleder:** Arne Storruste, tlf 913 30 922
**Kirketjener:** Knut Erik Digene, tlf 977 49 013
**Klokker:** Frivillig tjeneste

**BEGNADALEN SOKN**
**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle, tlf 917 91 233
**e-post:** sk935@kirken.no
**Menighetsrådsleder:** Gerd Elin Damslora, tlf 995 31 865
**Kirketjener:** John Erling Blad, tlf 988 50 499
**Klokker:** Frivillig tjeneste

**PRESTENS PENN**
**Biskop Solveig Fiske**



## Fred på jorden

I skrivende stund er jeg akkurat begynt på de siste ukene som biskop.

Jeg vil benytte anledningen til å takke for alle møtepunkt rundt om i Hamar bispedømme. Jeg ser for meg mange ansikt og bærer med meg mange varme håndtrykk fra ulike situasjoner. Hjertelig takk og alt godt videre!

Fred på jorden!

Vi lengter etter nettopp det som den himmelske hærskare sang den første julenatt:

*Ære være Gud i det høyeste,*
*og fred på jorden*
*blant mennesker Gud har glede i!*

Vi har ei tid som er preget av uro over den spente krigssituasjonen i Europa og usikkerhet inn mot hva fortsettelsen blir. Jeg kjenner at engelens ord om «Frykt ikke» og englekorets sang og bønn om fred på jord, berører et ønske, en drøm og et håp som inspirerer til å tro på og arbeide for rettferdighet og fred.

Sangen på Betlehemsmarkene viser vei til å se Gud i krybben. Evigheten strømmet inn i det øyeblikket barnet ble født. Og Jesu fødsel setter i gang en bevegelse som aldri har opphørt.

Barnet som ble født er et håp og en kjærlighet. Alle som har holdt et lite nyfødt menneske i hendene vil kunne gjenkjenne dette. Det er nært og stort, vakkert og meningsmettet. Våre erfaringer blir satt i et svimlende perspektiv i møte med fødselen i Betlehem og englesangen om fred på jord. Det løfter alle nyfødte barn opp mot himmelen og inviterer til å realisere håpet, drømmen og bønnen om fred på jord.

Jesusbarnet er en liten knopp som er sprengfull av håp, også i dag.

Med juleevangeliets grensesprengende kraft åpnes livets kilder og framtidshåp for alle mennesker og Kristi kjærlige lys holder oss fast i fremtid og håp for livet her og i evigheters evighet.

Velsignet julehøytid!

# Smått og stort

**«Når krybben er tom bites hestene» er det et ordtak som sier.**

«Krybba» i Sør-Aurdal kommune er tom og vi bites. Alle etater: barn og oppvekst, helse, kirke mm alle kiver vi om pengesekken.

Når det gjelder Sør-Aurdal kirkelige fellesråd har tilskuddet fra kommunen blitt betraktelig mindre de siste årene, og med unntak for 2023 stort sett blitt redusert. Den økningen vi får i 2023 er likevel ikke nok til å dekke lønns- og prisstigning.

**Vi har derfor gjennom flere år gjort mange tiltak, bl.a:**
*Redusert stillinger der det har vært frivillig avgang (Klokkere, kirketjener, kirkegårdsarbeider, organist)
*Lagt ned kirkekontoret i Hedalen
*Fjernet møtegodtgjørelse for sokneråd- og fellesrådsmedlemmer
* Inndragelse av muligheter for kurs, seminar og fagdager
*Gått over fra å sende menighetsbladet i posten til å overgi dette til menighetsråd og frivillige som reiser rundt med bladet.

**Vi kommer også til å gjøre flere endringer i tiden fremover:**
-Redusere varmen under seremonier
-Slokke flomlysene
-Ikke bruke kirkene til møtevirksomhet

Disse 3 siste punktene er strømsparende punkter – les gjerne mer om dette inne i bladet.

**Det skjer også endringer i hvordan kirkekontoret i fremtiden skal holde kontakten** med våre medlemmer. Les artikkelen inne i bladet om store endringer for deg som ønsker å lese menighetsbladet i papirform.

Vi går mot advent og lysets tid. Vi håper, til tross for at det kjennes mørkt for mange, at tiden frem mot jul vil gi gode opplevelser med familie, med venner, med varme og med omsorg. Ta vare på de rundt deg, også de som ikke roper så høyt.

Kirkevergen

# OPPDATERING SISTE NYTT

I det bladet går i trykken har vi fått melding om at vi, fra Det Kongelige barne- og familiedepartement, får strømstøtte til å gjennomføre advent- og julegudstjenester som planlagt. Dette betyr at vi likevel får både lys og varme til alle våre seremonier og konserter i desember.

# Mørklagte kirker i Sør-Aurdal

Økte strømpriser og inflasjon er en stor utfordring for mange denne vinteren. Også offentlige etater merker dette. For kirkene i Sør-Aurdal sin del kom forslaget fra Kjersti Toppe og etter hvert vedtaket fra regjeringen om midlertidig strømstøtte som «manna fra himmelen»

Målet med tilskuddet er å bidra til at færre kirker reduserer aktiviteten i advents- og julehøytiden, slik at folk kan få en fin høytid.

Dette er vi særs glad for også i Sør-Aurdal og vi har søkt tilskudd til alle våre kirker. Dette betyr at vi vil kunne tilby lysmesser, adventsgudstjenester, diverse konserter og julegudstjenester i Sør-Aurdal som tidligere.

Men tilskuddet gjelder kun for 2022.

**Staben i kirken og Sør-Aurdal kirkelige fellesråd jobber med å gjennomgå all unødvendig bruk av strøm og har valgt å gjennomføre følgende:**
• Maksimumstemperatur i kirkene under seremonier: 18 grader.
• Alle møter i stab og KFR går vanligvis på rundgang i kirkene – de vil nå legges til kommunehuset der vi ikke betaler for oppvarming.
• Flomlys slukkes f.o.m fredag 18/11-22. Det vil bli brukt vanlig dørlys under kveldsmesser slik at alle skal kunne se hvor de går.
Vi vil fortsette med å følge utviklingen på strømforbruket i kirkene våre. Nye tiltak kan iverksettes på kort tid – viser det seg at strømprisene går ned igjen for 2023 vil ovennevnte tiltak revurderes.



# ER DETTE DITT SISTE MENIGHETSBLAD?

Menighetsblad for Sør-Aurdal ble første gang laget og utsendt i januar 1942.

Det var visstnok Ole Thorsrud (fra Bagn sokneråd) som mange ganger kastet frem denne tanken om et menighetsblad for Sør-Aurdal. Han skulle likevel ikke oppleve at dette ble en realitet.

Det var nemlig først da pastor Andersen kom til Sør-Aurdal høsten 1941 og kastet frem denne ideen at Hveem gjerne ville de skulle prøve å gå i gang «om ikke vanskene ble for store»

Det var mange grunner til å starte opp med et menighetsblad:
«1) Bevisstheten om at det var mange av medlemmene som kirken sjeldent eller aldri kom i forbindelse med
2) Uttalelser fra menighetenes side om at det var behov for et slikt blad
3) At kirken hadde meddelelser som «har krav på å komme til menighetens kunne»
4) Muligheten til å åpne et forum for menighetens medlemmer til å komme frem med det som ligger en på hjertet av felles kristelig interesse»

Bladet utkom ved begynnelsen av hver måned og ble sendt i posten til alle hjem. Den årlige kontingent ble satt til kr 1. Kontingenten var frivillig men hvem som betalte denne og hvor mye de betalte ble listet opp i menighetsbladet under «innbetalt kontingent»

Med unntak av krigsårene 1942-1944, har bladet kommet ut til alle hjem i Sør-Aurdal.

**Bladet du nå holder i hendene dine er kanskje det siste bladet du leser. Etter 78 års utgivelse må vi gjøre om på hvem som skal få bladet i postkassen sin. Dette av økonomiske årsaker.**
Sør-Aurdal kirkelige fellesråd har pga stram økonomi måtte snu hver stein for å komme frem til et budsjett i balanse. Å utgi menighetsblad og sende/levere dette til alle hjem i kommunen er ikke en lovpålagt tjeneste. Fellesrådet ønsker å bruke nettsiden vår mer flittig www.kirken.no/sor-aurdal og vil dele artikler fra nettsiden på sosiale medier og de av bygdesidene som er operative.

**ER DU AV TYPEN SOM LIKER Å BLA I PAPIR FREMFOR Å LESE ALT PÅ NETT?**
Da må du rett og slett begynne å abonnere på menighetsbladet! Bladet vil komme i 4 utgivelser; slik det har gjort de senere år, og koste kr 300,- for 2023. Kontingenten er altså ikke lenger frivillig – kun de som har innbetalt denne innen 15. februar 2023 på vår konto: 2320 17 79723 vil få bladet tilsendt i posten. Husk å skrive tydelig navn og adresse slik at vi sender bladet til rett adressat. Ønsker du å bruke VIPPS er nummeret 114107, men her må du også skrive inn navn og adresse slik at vi vet hvem vi skal sende bladet til.

**Til deg som nettopp har betalt en frivillig kontingent til bladet:** Dette var altså for året 2022 og vi takker for støtten! Men ønsker du bladet i 2023 må du altså betale kr 300,- innen 15/2-2023.





Menighetsblad
FOR SØR-AURDAL

Nr. 1 – 1. årg.

Januar 1942

## Det gamle og det nye år.

T. A.

# Signes julequiz

1) Etter at Josef og Maria forlet Betlehem, kva for eit land reiste dei til med Jesus?
2) Hvilke gaver ga dei tre vise menn til det nyfødde barnet?
3) Kva dyr reid Maria på til Betlehem?
4) I filmen «Alene hjemme 1» blir Kevin gløymt att heime. Kvar reiser resten av familien?
5) Til kva for by blir det største juletreet sendt ut av Norge kvart år?
6) Kor mange kantar har ein snøkrystall?
7) Kva for eit land starta først med å bruke juletre?
8) Kva for ein søtsak, som er basert på ei nøtt, høyrer jula til?
9) Kva for ei sitrusfrukt er populær i juletida?
10) Kva for eit land eksporterer mest juletre?
11) Bruk forbokstavane i spørsmåle 1, 3, 4 og 5 og finn ei frukt.

Du kan teste om svara dine er riktige på side 10

# Tusen takk, Ragnhild!

Menigheten i Begnadalen og staben forøvrig ønsker med dette å takke Ragnhild Garthus for sin innsats som frivillig klokker i en «mannsalder».

Ragnhild har, i tillegg til å være en rolig og god medhjelper for prestene under gudstjenester, også vært aktiv i menighetens trosopplæring. Vi kommer til å savne deg i stabsmiljøet i Begnadalen menighet – men regner med at du blir å treffe i kirken likevel i blant!

**Tusen, tusen takk for lang og tro tjeneste!**

# Sjømannskyrkja, din heim i utlandet

Sjømannskyrkja er ein norsk, frivillig og sjølvstendig organisasjon som vart grunnlagt i Bergen i 1864 med namnet «Foreningen til Evangeliets Forkyndelse for Skandinaviske Sjømænd i fremmede Havner». Initiativtakaren til organisasjonen var presten Johan Storjohann. Den fyrste kyrkja vart oppretta i 1865 i Edinburg i Skottland. Sjømannskyrkjene er tilknytte Den norske kyrkje og har norske lutherske kyrkjer over heile verda. Sjømannskyrkja er finansiert av privatpersonar og foreiningar, avtaler med næringslivet og støtte frå staten.

Frå starten var det norske sjøfolk i utanriksfart som var det primære målet. I dag ynskjer Sjømannskyrkja å vera ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for alle nordmenn i utlandet. Organisasjonen har god kompetanse på kriseberedskap og familierådgiving og er der for nordmenn verda over som møter vanskelege livssituasjonar. Andre tenester er ambulerande sjømannsprestar, studentprestar og sjømannsprestar offshore. I løpet av eit år har Sjømannskyrkja omkring 650 000 møter med menneske over heile verda og utfører eit omfattande sosialt arbeid. I 2019 rekna ein med at det vart lagt ned ca. 60 000 timar frivillig innsats i organisasjonen.

Måndag 3. oktober fekk vi besøk av representantar for Sjømannskyrkja til menighetssalen i Reinli kapell. Det var Håvard Sandvand Dahlen, regionkontakt for Hamar Bispedømme, og Hans Enger frå Nord-Aurdal, utdanna diakon, men no pensjonist. Enger starta i Sjømannskyrkja for 22 år sidan, og var over 3 år stasjonert i New Orleans. Seinare har han hatt kortare vikariat og sommarjobbar, blant anna har han vore vinter-diakon på Gran Canaria i 11 vintrar. Å vera vinter-diakon betyr å vera pensjonist i teneste ved Syden- kyrkjene for å styrke staben i vinterhalvåret. Då reiser mange nordmenn sørover og følgjeleg er det og mange som er i sjømannskyrkjene. Denne kvelden delte han med tilhøyrarane mange ulike episodar og hendingar han hadde opplevd desse åra og påpeikte kor viktig det var å vise tryggheit og empati, spesielt i vonde situasjonar.

Kviss, åresalg og allsang var og på programmet. Kåre Madlangsrud, pensjonert organist i Tingnes kyrkje, akkompagnerte allsangen på piano. Vaflar høyrer naturleg med der Sjømannskyrkja er representert, dette stod og på bordet i menighetssalen denne kvelden. Vaffelen har sidan slutten av 1800-tallet vore en viktig del av arbeidet i sjømannskyrkjene rundt om i verda. For dei er ikkje vaffelen berre mat, men eit symbol på den hjartevarmen dei ynskjer å møte alle menneske med.



Tekst og bilder: Åse Østgård Hagen







# 50 års konfirmanter i Hedalen



Foran fra venstre: Anne Marit (Slettebråten) Dragerengen, Marie Aaslie, Ingeborg Aaslie, Reidun Joplassen Sjåstad. Bak fra venstre: Svein Vestrom, Bjarne Berg, Helge Nordby, Øyvind Bakke. Foto: Arne G. Perlestenbakken.

# Presentasjon av årets konfirmanter i Reinli



Frå venstre: Fartein Dieserud Westerheim, Arian Hoff Kollsgård, Odd Jørgen Hillestad, Andrea Hagen Kvaal, Freed Joakim Finstad Nymoen, Brage Armando Dahlen, Henriette Rustøe, Jeanett Hansen Lillemoen og prest Ellen Oddveig Rudi. Foto: Åse Østgård Hagen.

# Ole Kristian Bonden - Ny biskop i Hamar bispedømme



Fødd: 8. Februar 1970 i Brumunddal
Familie: Gift med Irmelin, tre vaksne born som akkurat har flytta frå heime

Applausen rungar i Hamar domkyrkje. Ein rørt Ole Kristian Bonden tar imot hyllest frå dei mange som har møtt fram for å bli litt betre kjende med den nyleg tilsette biskopen. Neste år blir han innsett som biskop og flyttar til Hamar etter 25 år i Elverum, dei siste åra som prost i Sør-Østerdal prosti.

- Det er overveldande, eg er både glad og takksam for å bli biskop i Hamar bispedømme seier han frå lesepulten og takkar for tilliten, for oppdraget og for gode frå den øvste leiinga i Den norske kyrkja og i Hamar bispedømme.

Kyrkjerådet har i sitt møte kvelden før vald Bonden som ein av tre attståande kandidatar etter ein lang prosess. - Hamar har fått ein biskop som er likande, gla i folk og glad i Jesus, seier Kyrkjerådets leiar Kristin Gunleiksrud Raaum og seier Bonden går inn i ein stolt tradisjon av tydelege biskopar i Hamar.

Heilag og alminneleg
Ole Kristian Bonden har vore tett knytt til begge sine to forgjengarar. Han vart ordinert til prest av Rosemarie Köhn og har hatt Solveig Fiske som biskop i heile hennar periode.

- Dei to har lært meg at "Inga tru er for lita", og at "Gud gjer ikkje forskjell på folk", seier han. Dette vil han vidareføre når han nå skal forme SI bispegjerning.

Ei setning frå truvedkjenninga har vore med han den tida han har vore prest. Setninga har vore styrande for arbeidet hans så langt, og han vil framleis legge den til grunn for tenesta som biskop.

"Eg trur på ei heilag, allmenn kyrkje." - Heilag og alminneleg, det er kyrkje for meg, seier den nyleg utnemnde biskopen.

Med det meiner han at kyrkja skal vere raus og tydeleg, til stades i samfunnet og i menneskes liv, ei kyrkje som bryr seg om folk.

Openheit, fridom og tilhøyrsle
-Vi må vere opne, seier han, opne for Gud, for andre og for verda. Evangeliet gir oss fridom til å elske, skape, arbeide, kjempe for og tru på, seier han. Og så snakkar han om tilhøyrsle.

Den nye biskopen vil at folk skal kjenne at dei høyrer til i ei kyrkje som er for alle. Bonden vil at kyrkja skal vere der både på dei store dagane i livet, og på dei vanskelege. Han vil bidra til ei kyrkje som er ein naturleg del av lokalsamfunnet der folk kan høyre til og kjenne att både livet og Gud.

-Eg vil arbeide for at folk i Hamar bispedømme kan kjenne att livet sitt i folkekyrkja, og samtidig kjenne att Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage Andes samfunn.

Ole Kristian Bonden vigslast til biskop i Hamar søndag 29. Januar kl. 11.00 i Hamar domkyrkje med H.M. Kong Harald til stades.



## Kva slags kyrkje vil du du ha?
## Du kan påverke!

I 2023 skal vi velje nye sokneråd og nytt bispedømmeråd. Som medlem i rådet vil du ha innverknad på dei lokal oppgåvene og utfordringane i kyrkja di.

Soknerådet leier kyrkja der du bur. Oppgåvene er varierte innan tema som miljø og rettferd, musikk og gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, jus og forvaltning m.v.

Gjennom arbeidet i rådet kan du bruke talenta dine, bli kjend i nærmiljøet, legge til rette for kyrkja som kulturarena eller møteplass for barn og unge. Moglegheitene er mange.

Still til val, eller oppmod nokon du kjenner til å stilla.
Ta kontakt med kyrkjekontoret innan 1. februar.

Du finn meir informasjon om kyrkjevalet her:
www.kyrkja.no/valg



# BARNAS



## Finn 10 navn og ord fra julefortellingen

Navnet på ti navn og ord fra juleevangeliet er gjemt inni rutenettet under. Navnene står bortover og nedover. Finner du alle?

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Å | F | J | O | D | E | L | I | J | A |
| U | B | E | T | L | E | H | E | M | Q |
| M | E | S | S | I | A | S | N | A | A |
| U | L | U | I | G | U | G | G | R | U |
| J | O | S | E | F | F | J | E | I | G |
| O | L | P | Å | S | W | E | L | A | U |
| N | A | S | A | R | E | T | X | Ø | S |
| S | M | A | K | K | I | E | P | I | T |
| K | Y | I | L | L | I | R | A | P | U |
| I | K | R | Y | B | B | E | M | Ø | S |

Gi barnebladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00




## Fargelegg!



## Finn fem feil!

Engelen forteller gjeterne på marken nyheten om Jesu fødsel. De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre? *Tegning: Asbjørn Tønnesen*





# Juletreet og pynten i gamle dagar



Snart skal alle juletrea pyntast igjen. Litt ulik smak og litt ulike tradisjonar gjer kvart tre særprega for heimen det står i, og er det symbolet som meir enn noko anna viser kva høgtid me går mot. Enno er det mest vanleg i private heimar å pynte juletreet tett opp til julaftan, men me ser at nye skikkar kjem sigande inn også når det gjeld når det skal skje. Sidan det i USA er ganske vanleg å gjera klart eit pynta tre alt i byrjinga av desember, har mange adoptert skikken også her heime.

Men kva er det vi pyntar for? Eller med, for den del? Tradisjonen med juletre er tross alt ikkje så gammal her i landet. Det finst kjelder som fortel om juletre så tidleg som 1820, men vanleg vart det ikkje før rundt 1850, og då berre i byar og i finare hus. Juletre i alle heimar kom nok ikkje før rundt 1900. Og i enkelte kristne forsamlingar og kyrkjer har tradisjonen aldri fått fotfeste, endå juletreet heilt frå byrjinga i Tyskland har vore eit symbol på juleevangeliet og på Jesusforteljingane.

Treet i seg sjølv er alltid eit vintergrønt nåletre. Gran er mest vanleg, men på Vestlandet er både furu og brisk mykje nytta- i mangel på gran. Og i ytre strok langs kysten, der lite tre var å finne i det heile teke, har folk laga seg tre av stokkar og greiner. Tanken var livets tre og livskreftene, at Jesus seier om seg sjølv at han er stammen og vi er greinene- tresymbolikken er mangfoldig i Bibelen. Og så var juletrefoten alltid eit kors. Då stod treet støtt, og tanken om at livets tre møter korsets tre blir også tydeleg. Ein gong spurde til og med ein biskop (E Berggrav) om me ikkje i jula kunne ta fri frå kors og grav? Og svarte sjølv at jo, me kan det. For i jula og i juletreet er korset skjult. Det er tildekka av gåver og vakre greiner med lys og glans. Borna ser berre gåver og glans, og det er heilt rett. Men stille, der nederst, er korset. Lat det berre vera til djup ettertanke for dei som er mykje eldre.

Men så-kva skal så hengast til pynt på greinene og ikkje minst, kva skal stå i toppen? Sjølv om juleevangeliet ikkje fortel oss verken om pynt eller symbolikk, er det denne forteljinga og Jesus sjølv som har inspirert juletrepyntinga gjennom tidene.

Lysa på treet er av det eldste og viktigaste. Levande lys før i tida, no elektriske. Når treet skal stå ute, i tunet eller i hagen, er det jo også det einaste nødvendige.

Julesangen «Du grøne, glitrande tre, goddag» seier at i toppen står ei stjerne. Nettopp fordi juleevangeliet fortel om stjerna som leidde dei vise mennene til krybba og til Jesus. Men gamle kjelder viser også at spir var mykje brukt i toppen. Spiret tek tankane til ei kyrkje eller kanskje til eit slott? Stallen var ikkje noko særleg til slott, men det var ein konge som vart fødd der. Kyrkjetårnet og klokkene er det som kringkastar evangeliet om fødselen den dag i dag. Frå USA kjenner mange også tradisjonen med å ha ein engel på toppen- ein av dei som forkynte for gjetarane på marka at det hadde hendt noko gledeleg inne i Betlehem. Om toppengel ikkje er så vanleg i Norge enno, er det nok både ein og fleire blant resten av pynten på treet.





Av den eldste bevarte pynten, og det gamle kjelder kan fortelje, veit vi at pynten i gamle dagar var av papir og av halm, dessutan vintereple og kaker. Papiret måtte gjerne vera farga og blankt, om det fanst, men kvitt papir var vanlegast. Av dette vart det laga kremmerhuskorger, som vart fylt med f eks rosiner eller kaker. Ein laga lenker og girlanderar, og ikkje minst jakobsstigen. Jakobsstigen er ei lang remse som er bretta i trappetrinn og klipt ut, slik at det ser ut som ein stige. Denne særs gamle pyntetingen peikar på historien om Jakob og draumen hans om stigen, der englar gjekk opp og ned mellom himmelen og jorda. Det er ein strålande måte å sjå juletreet på.

Halm var det enklaste materialet å få tak i, og av dei gullgule stråa kunne ein lage vakre stjerner, flette kransar og binde julebukkar og englar. Det finst mange gamle oppskrifter på slik pynt og mange som enno kan lage det.

Slik kan me sjå at juletreet opprinneleg ikkje var meint berre som ein spesielt stor og vakker dekorasjon, men som evangeliefortljing utan ord. Ei påminniing om bibelforteljingar og om bibelske kjernepunkt utan å slå opp i boka. Julesongane og gangen rundt treet var med på det same, glede og lovsang for høgtida og festen. Og det var jo vanleg å kunne mange fleire songar og alle versa før i tida.

Juletrepynting er blitt til motefenomen, trendar og fargar som endrar seg år for år. Det nye lever side om side med det gamle. Pynten er ikkje for det meste heimelaga og billeg, men kjøpt og kostbar. Hovudsaka er at me pyntar treet slik me har glede av det! Gledeleg jul.

Signe Kvåle



# Våre pensjonister: Ragnhild Garthus

Etter 12 år som frivillig klokker i Begnadalen kirke føles det riktig å slutt nå, sier Ragnhild.

Hennes far, Harald Garthus, hadde vært klokker i 30 år da han slutta som 85-åring. Folk følte nok at hans ”klokkersko” var vel store, for det var ingen som søkte på klokkerstillingen etter han. Løsninga ble ”frivillig klokkertjeneste” fordelt på flere, og den ordninga eksisterer i Begnadalen fremdeles.

I noen år delte Ragnhild, Elisabeth Sukke og Lene Grimsrud på å være klokker. De siste åra har Anders Garthus og Liv Barbro Veimodet alternert med Ragnhild.

Siden det er frivillig arbeid, er oppgavene naturlig nok færre enn ved full klokkerstilling. De har jo sine egne jobber ved siden av. Ragnhild har vokst opp med kirka, og synes det var naturlig å ”fortsette arven” etter faren.

Klokkerjobben har vært hyggelig og meningsfull – uten stress. Og hun har bare godt å si om prestene og de andre ansatte.

Ragnhild er utdanna lærer, ved Kristiansand lærerskole. I 1979 fikk hun jobb i Etnedalen, der hun bodde i 11 år, bare avbrutt av et par år i Oslo.

I 1989 fikk hun og mannen Leif Jarle Asheim sin første datter, Kari Anne. Kari Anne gikk etter hvert jordbruksskolen på Ås, og jobber nå i Alta.

I 1991 flytta familien til Ragnhilds heimgard Sør-Garthus, og fikk enda to døtre: Hanne, som nå er psykolog i Bærum kommune, og attpåklatten Inger som jobber i Amnesty. Begge bor i Oslo.

Ragnhild er nå pensjonist fra lærerjobben ved Begnadalen skole, mens Leif Jarle er ”deltidspensjonist”. Før drev de med sauer, men det har de slutta med, og jorda er leid bort.
Ragnhilds mor og far, Anne og Harald, var begge aktive politikere, men Ragnhild har ikke tatt opp den arven.

På spørsmål om hva hun liker å gjøre på fritida, svarer hun at hun liker godt å gå turer på fjellet og i skog og mark, og at hun er glad i å lese.

Siden Ragnhild slutter til nyttår, blir det mer å gjøre for de to andre. Så hvis noen har lyst til å prøve seg som klokker i den vakre Begnadalen kirke, er det bare å melde seg på kirkekontoret!

Bjørg Ingrid






En jul å
glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

**VIPPS** en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

Blå Kors

# Vi blar i arkivet v/Bjørg Ingrid



**Historia om barnet, 1982**

*For eit barn er oss født,*
*ein son er oss gjeven.*

Jesaia 9,8

Juleevangeliet er historie, ei nedskriven melding om ei verkeleg hending i historisk tid. Slik skreiv Lukas det. Det er historia om eit barn som vart født. Hendinga er tidfest og geografisk stadfest, midt i verdssoga. Ho høyrer soga om menneskeætta til, vår eiga historie.

Også Det gamle testamente har dette som det sentrale slik som her Jesaia. Han ser det som lovnaden frå Gud alt er oppfylt: Eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Guds plan frå opphavet, hans forsett før verda vart til, er alt som ein realitet som gjeld oss: Dei som levde då og oss som lever no. Det gjeld alle.

Eit barn som er født for deg, ein son som er gjeven deg, kan aldri bli deg uvedkomande. Mellom alle dei myldrande millionar av menneskeborn som er fødde til verda, er det eitt som er gjeve deg framfor alle. Ingen står deg så nær, ingen er du så avhengig av, ingen er du meir ansvarleg for enn han som vart fødd julenatt i Betlehem.

Keisarar og presidentar prøver å skapa ei eiga historie slik Augustus prøvde det, skapa verdssoge. Politikarar, filosofar og ideologiske førarar freistar å snu utviklinga for sitt folk og for alle. Einskildsmenneske, grupper og bander vil revolusjonere livet og tilhøva for oss. Me opplever det på kroppen og i sjela som strid og ufred, angst og død.

Men barnet i Betlehem er født for å gjeva verda og oss alle fred, slik englane song det. Heile hans liv, hans liding og død var for oss. Det var Guds gåve: Så elska Gud verda at han gav….

Ved din dåp vart også ditt livs historie knytt til han. Di soge og din lagnad skulle ved det bli snudd til det Gud har tenkt med deg. Så mange synest å leva historieblinde – som om dette som har skjedd, aldri skulle vera for dei. Måtte det gå opp for oss alle at det er dette jula vil oss, dette som engelen forkynte:

*"Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Herren, Kristus. Og det skal de ha til merke: De skal finne eit barn……"*

Og med det ei gledeleg jul og ei ny framtid! Kristofer J. Ørjavik

**Natten i natt er hellig, 2002**
**Biskop Køhns juleandakt**
***NATTEN***

*Natten i natt er hellig.*
*Noe skal skje.*
*Det som skal komme fra himmelen*
*er ikke bare sne.*

*Natten i natt er hellig.*
*Noen skal dø i natt.*
*Nysådd og angst og matt*
*spirer en himmel i isen*
*der gaten er blank og glatt.*

*Natten i natt er hellig.*
*Noen skal fødes i natt.*
*Vår mørke, kjølige klode*
*er ikke helt forlatt.*
*Fra hennes lysende søstre*
*kommer der noen i natt.*

Jens Bjørneboe

**"Natten i natt er hellig.."**

Ut fra livssituasjonen kan vi ha ulike opplevelser av natten.

Natten er hvile. Befriende hvile etter en travel hverdag og hardt arbeid.

Natten betyr at en kan strekke seg ut og kjenne kroppen og tankene falle til ro.

Natten er mørke. En tid da uroen, bekymringen, angsten kryper innpå oss og tapper oss for krefter.

Natten er den gode lek – mellom mennesker som elsker hverandre.natten er gåten – tiden for de tårer og den smerte vi ikke tør, ikke vil, ikke orker å vise andre.

**Natten i natt er hellig**
**Noe skal skje**

Natten i natt er hellig – den bringer lys! Lys i nattemørke. Det gode lys som varmer våre liv, som gjør at vi kan se – og gå fremover. Og våge å se bakover.

Hva betyr det at Gud er lys? En førsteklassing sa på en visitas at det betød at Gud var som en varm sommerdag. En sommerdag er vi omsluttet av varme. En varm, god vind stryker over hele kroppen. Alt er lyst og varmt.

Natten i natt er håpet – håpet om en fremtid for mitt liv, for familiens liv, for bygdas liv – og for verdens liv. Håpet om en ny himmel og en ny jord. Der det ikke lenger skal være sorg eller skrik eller smerte – alt det som kommer mellom oss her.

Natten i natt er glede. Gleden over at livet på ny blir født og skjenket oss: som nåde, som tilgivelse, som kjærlighet, forsoning og legedom.

**Natten i natt er hellig**
**Noen skal fødes i natt..**

Natten i natt er Guds. Gud som et vergeløst barn. Gud i en krybbe, i en stall med alle stallens lukter. Gud i en engstelig og fattig familie.

Kanskje til vår forbauselse: ikke i tempelet og ikke på slottet.

Det går over vår forstand. Og jeg må sitere den franske forfatteren Exupery: "Det viktigste er usynlig for øyet. En kan bare se riktig med hjertet."

Så la oss se med hjertet: En Gud som deler vår skjebne: vår glede og vår smerte, vår latter og vår sang. Han bærer oss frem til nytt liv – til oppstandelse. Han overskrider de grenser vi ikke kan overskride. Grenser som handler om Skylden og Døden.

Forfatterinnen Wera Sæther sier det slik:

*"Ordet blir kjød. Han blir som oss. Forlatthet med vår forlatthet. Angst med vår angst. Sult med vår sult…Han kommer til jorden og til våre kroppers jord. Intet er lengre forlatt. Intet dømt til fordømthet."*

Gud deler vårt livs vandring. Han går sammen med oss. Vi er ikke overlatt til oss selv. Vi er ikke forlatt!

Dette er fanget opp i middelalderens billedkunst på en spesiell måte, blant annet i Jakobs-katedralen i Santiago de Compostella. Jesus fremstilles der parallelt med Jakob som pilegrim. Tanken bak er at Jesus nettopp er vår medvandrer på livsveien, på pilegrimsveien.

Jesus kalles faktisk en gang i Det nye testamentet for pilgrim. Det er i Luk. 24 hvor det fortelles om Emmausvandrerne som får følge av "en fremmed". Disiplene kjente Ham ikke igjen. Vi kjenner Ham heller ikke alltid igjen. Vi kjenner ikke alltid Hans nærvær. Men Han er der – og går sammen med oss. Det som skjedde denne natten i Betlehem – ja hele Jesu historie – er egentlig en medvandrerhistorie. En historie for oss som trenger håp, tro – og masse kjærlighet.

*Natten i natt er hellig…*
*Noen er født i natt*
*Ja, ære være Gud i det høyeste,*
*ære være vår Frelser og medvandrer,*
*ære være verdens lys og håp.*

Rosemarie Køhn

# Julequiz - svar

**1 - Egypt**
**2 - Gull, røkelse og myrra**
**3 - Esel**
**4 - Paris**
**5 - London**
**6 - Seks**
**7 - Tyskland**
**8 - Marsipan**
**9 - Klementin**
**10 - Canada**
**11 - Eple**

# Merkedager i livet

**BAGN**
Døypte:
14.08.22  Silja Brager Dammerud  (rettelse fra forrige nr.)
09.10.22  Olivia Hansen Thorsrud
09.10.22  Emrik Wold

Gravferdshandling:
22.11.22  Trygve Kind

**HEDALEN**
Døpt:
23.10.22  Leander Kjensrud

Gravferdshandling:
04.11.22  Svein Eriksen



Vi oppfordrer leserne til å bidra med stoff eller tips om aktuelle saker. Frist for innlevering er 22. februar.




**Marilyn skal være solist sammen med et høyst oppegående og veltrimmet Bagn & Begnadalen musikkorps på to julekonserter i Sør-Aurdal i år – i Begnadalen kirke den 16.desember og i Bagn kirke den 18.**

**Korpset og Marilyn har samarbeidet tidligere også, men den gjensidige gleden av å endelig kunne gi folket to flotte konserter akkurat i år er til å ta og føle på etter at vi har sittet mer eller mindre i karantene i tre år.**




# Nyttårskonsert i Begnadalen kirke

**Det blir nyttårskonsert med andakt i Begnadalen kirke, 31. desember klokken 16.00. Dette er blitt en populær konsert, og i år er konserten ved Henning Andersen, Hardingfele, og Jostein Halden, sang og gitar. Anders Løberg spiller orgel og piano, og Signe Kvåle holder andakt. Det blir et variert og flott program som alltid. Konserten har ingen aldersgrense, og alle er velkommen til et flott avbrekk før det nye året braker løs. Konserten er gratis, men kvalitet koster, så vi tar gjerne imot en frivillig kollekt ved konsertens slutt. Velkommen!**



# Velkomen til kyrkje

**18. desember, 4. søndag i adventstiden**
*Luk 1, 46-55 Marias lovsang*
Sør-Aurdalsheimen **kl. 11.00:** Juleandakt. Signe Kvåle og Anders Løberg.

**20. desember, Tirsdag**
Bagn kyrkje **kl. 10.00:** Skolegudsteneste. Bagn skule. Signe Kvåle.

Hedalen stavkirke **kl. 13.00:** Skolegudstjeneste. Signe Kvåle.

**21. desember, Onsdag**
Bagn kyrkje **kl. 12.00:** Skolegudsteneste. SAUS. Signe Kvåle.

**24. desember, Julaften**
*Luk 2, 1-20 Jesus blir født*
Reinli kapell **kl. 13.00:** Julaftensgudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

Bagn kyrkje **kl. 14.30:** Julaftensgudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

Leirskogen kyrkje **kl. 16.00:** Julaftensgudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

Begnadalen kirke **kl. 14.30:** Julaftensgudstjeneste. Signe Kvåle.

Hedalen stavkirke **kl. 16.00:** Julaftensgudstjeneste. Signe Kvåle.

**25. desember, Juledag**
*Joh 1, 1-14 Ordet ble menneske*
Bagn kyrkje **kl. 12.00:** Julehøgmesse. Signe Kvåle.

**31. desember, Nyttårsaften**
*Luk 13, 6-9 Fikentreet som ikke bar frukt*
Begnadalen kirke **kl. 16.00:** Nyttårskonsert med andakt. Henning Andersen, Jostein Halden, Anders Løberg og Signe Kvåle. Takkoffer til Kirkemusikalsk virksomhet.

**1. januar, Nyttårsdag/ Jesu navnedag**
*Luk 2, 21 Han fikk navnet Jesus*
Hedalen stavkirke **kl. 12.00:** Nyttårshøymesse. Signe Kvåle.

**8. januar, Kristi åpenbaringsdag**
*Matt 2, 1-12 Vismennene hyller Jesus*
Bagn kyrkje **kl. 11.00:** Misjonsgudsteneste. Signe Kvåle.

**15. januar, 2. søndag i åpenbaringstiden**
*Matt 3, 13-17 Jesus blir døpt*
Ingen gudstenester i Sør-Aurdal

**22. januar, 3. søndag i åpenbaringstiden**
*Joh 2, 1-11 Bryllupet i Kana*
Reinli kapell **kl. 11.00:** Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

Hedalen stavkirke **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Ellen Oddveig Rudi.

**29. januar, 4. søndag i åpenbaringstiden**
*Luk 18, 35-43 Den blinde ved Jeriko*
Leirskogen kyrkje **kl. 11.00:** Gudsteneste. Signe Kvåle.

Begnadalen kirke **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Signe Kvåle.

**5. februar, Såmannssøndag**
*Luk 8, 4-15 Såmannen og jordsmonnet*
Hedalen stavkirke **kl. 11.00:** Gudstjeneste. Signe Kvåle.

Bagn kyrkje **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Signe Kvåle. Utdeling av bibel til 5. klasse i Bagn, Leirskogen og Reinli kyrkjelyd.

**12. februar, Kristi forklarelsesdag**
*Matt 17, 1-9 Disiplene får se Jesu herlighet*
Ingen gudstenester i Sør-Aurdal. Konfirmantleir på Lillehammer.

**19. februar, Fastlavnssøndag**
*Joh 17, 20-26 Så kjærligheten kan være i dem*
Begnadalen kirke **kl. 11.00:** Tårnagentgudstjeneste. Signe Kvåle. Utdeling av bibel til 5. klasse i Begnadalen og Hedalen menighet.

Leirskogen kyrkje **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Ellen Oddveig Rudi.

**26. februar, 1. søndag i fastetiden**
*Matt 4, 1-11 Jesus blir fristet*
Reinli kapell **kl. 11.00:** Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

**5. mars, 2. søndag i fastetiden**
*Matt 15, 21-28 Den kanaaneiske kvinnen*
Bagn kyrkje **kl. 11.00:** Gudstenste. Signe Kvåle.

Hedalen stavkirke **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Signe Kvåle.

**12. mars, 3. søndag i fastetiden**
*Luk 11, 14-28 Jesu makt over urene ånder*
Reinli kapell **kl. 11.00:** Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

**19. mars, 4. søndag i fastetiden**
*Joh 11, 45-53 Ett menneske dør for folket*
Leirskogen kyrkje **kl. 11.00:** Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi.

Begnadalen kirke **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Ellen Oddveig Rudi.

**26. mars, Maria budskapsdag**
*Luk 1, 26-38 Budskapet til Maria*
Bagn kyrkje **kl. 11.00:** Gudsteneste. Signe Kvåle.

Hedalen stavkirke **kl. 18.00:** Kveldsmesse. Signe Kvåle.

**Det tas forbehold om at gudstjenestelisten kan endres. Følg med i avisa Valdres og nettsidene i kommunen.**


**MENIGHETSBLAD FOR SØR-AURDAL**

**Utgjevar: Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd**

**Redaksjon:**
**Signe Elisabeth Kvåle**
**Liv Barbro Veimodet**
**Toril Grønhaug**

**Bagn: Bjørg Ingrid Brenno**
**Leirskogen: Mikael Sørbøen**
**Reinli: Åse Østgård Hagen**

**Menighetsbladets kontonummer: 2320 17 79723**

**VIPPS: 114107**
**Sør-Aurdal kirkelige fellesråd**

**VIPPS: 647282**
**Bagn kyrkje – kollekt**

**VIPPS: 724484**
**Leirskogen kyrkje – kollekt**

**VIPPS: 650878**
**Reinli kyrkje – kollekt**

**VIPPS: 22430**
**Begnadalen kirke – kollekt**

**VIPPS: 525671**
**Hedalen stavkirke- kollekt**

**VIPPS: 525362 Veståskapellet**

**Trykk: Land Trykkeri AS**


